



frå folk te' folk

Folkemusikktradisjoner er tuftet på overlevering av musikk fra slekt til slekt. Men det betyr så langt fra at folkemusikken må framstå som et statisk og uforanderlig fenomen – med utøvere som Knut Kjøk og Dag Gården får dessuten selve begrepet overlevering en helt ny mening – her står kreativitet og fantasifull tolkning av arven like høyt i kurs som gjenskapning og trofasthet til kildene. Slik oppstår en helt ualminnelig varm, nær og engasjerende musikk – tvers igjennom oppriktig, tvers igjennom original, og tvers igjennom forfriskende ny – frå folk te' folk!

from people to people

Folkloristic traditions are based on the transmission of music from generation to generation. But this does not at all imply that folk music has to be static and forever unchangeable – musicians like Knut Kjøk and Dag Gården lend the term Tradition itself an entirely new meaning, as they pay equally respect to creativity and fantasy as well as re-creation and faithfulness to their musical sources. As a result an extraordinarily sincere, honest and fascinating music emerges; right through candid, truly original and refreshingly new – from people to people!

Made in Norway 20©02 Lindberg Lyd AS



Knut Kjøk / Dag Gården

frå folk – te' folk

2L¹⁰



frå folk te' folk

Etter vårt syn speglar denne tittelen på mange måtar kjernen i folkemusikken sitt vesen. Gjennom si vandring frå spelmann til spelmann, frå bygd til bygd — ja til og med frå land til land, har slåttane levd sitt eige landstrykarliv. Dei har vorte “munnleg” overlevert frå folk til folk og alltid berre vore på utlån. Overleveringa har foregått frå den eine generasjonen til den neste. Ulike dialektar og dugleiken, lynnet og eigenarta til den einskilde spelmannen har vore med og forma slåttene. Dei fleste eldre leikene vi spelar har ukjent opphav, men som god skikk og bruk er i spelmannsmiljø, vil vi også seie kven vi har lært dei av.

Desse spelmennene har vore kjelder til leikene på denne CD-en

Syver (Sjugurd) Garmo Garmo 1896–1991

Theodor Bakken Heidal 1904–1988

Ola Åsen Bøverdalen 1905–1979

Erling Kjøk Garmo 1913–1999

Pål Skogum Lalm 1921–1990

Kristian Gården Vågåmo f. 1924

Reidar Skjellkvåle Skjåk f. 1940

Den spelmannen som gjennom alle tider har sett størst merke etter seg i Ottadalen, er Fel-Jakup, Jakup Olsen Lom 1821–1876. Han vart det store idealet i samtida, og ikkje minst for spelmenn i ettertida. Ei mengd slåttar er i dag knytt til Jakup-namnet og fleire av slåttane på denne produksjonen kan også rekkjast attende til han.

Alle leikene på denne CD-en, bortsett frå fem som er komponert i nyare tid, høyrer til det store tradisjonsstoffet på fele i Ottadalen. Vi har valt å halde oss til dei eldste slåttetypane som springleik, halling, marsj, lydarslått og vals. Dei fire fyrste typane var godt etablerte allereie tidleg på 1700-talet. Omgrepet lydarslått er ungt i vårt distrikt, men er fullt dekkjande for slåttar som t.d. “Goroleikjinn” og “Hull’n hass Pær Klonesbakka”. “Goroleikjinn” er av det eldste stoffet vi har. Valsen kom i bruk etter 1800 så han er ein relativt ny dansetype her i landet, men blant spelmennene i Ottadalen vart han fort populær. I dag kjenner vi eit utal gode valsar som blir rekna blant det beste tradisjonsstoffet vi har.

1	Bjøynnhallingen	etter Theodor Bakken	2:28	
2	Valbjørstykkin	springleik etter Erling Kjøk	2:41	
3	Hestleitar’n	lydarslått av Sjugurd Garmo	4:35	
4	Gamal brurmarsj	etter Erling Kjøk [med Kristen og Johannes Odde på fele]	2:56	
5	Brunsålen	vals etter Pål Skogum	2:35	
6	Gamel Eirik-hallingen	etter Pål Skogum	2:47	
7	Springleik	etter Ola Åsen	2:36	
8	Brurmarsj	av Kristian Gården	3:08	
9	Goroleikjinn	etter Erling Kjøk – “og så spelt’o Guri” – “så svårå’n Sinklar” – “så svårå’o Guri att”	4:12	
10	Pær Spelmeinnleik	springleik etter Erling Kjøk	1:41	
11	Netosætervalsen	etter Reidar Skjellkvåle	2:23	
12	Liabekken	halling av Sjugurd Garmo	2:55	
13	Marsj	av Dag Gården	2:27	
14	Vriompeisen	vals etter Kristian Gården	2:38	
15	Gamel-Sjugurd	springleik etter Erling Kjøk	2:27	
16	Nord og ne’rin	springleik av Knut Kjøk	1:45	
17	Storhallingen	hass Fel-Jakup	etter Erling Kjøk	2:14
18	Hull’n	hass Pær Klonesbakka	etter Erling Kjøk	2:24

Bjøynnhallingen hass Theodor Bakken

Mor hans Theodor Bakken hadde høyrte denne leiken av ein omreisande. Han hadde ein tam bjørn som dansa etter denne hallingen. Leiken er også nedteikna i “Folkemusikk i Gudbrandsdalen” av O. M. Sandvik og er der nemnd som “Steinbukken” etter Iva Bråtå, Lalm, 1827–1916.

Valbjørslykkjîn, springleik etter Erling Kjøk

Ein ekte “Ringnesé” sa’n Ola Nystuen, Vågå, 1875–1946, og mintest lærermeisteren sin Ola Ringnes 1811–1902, Vågå.

Hestleitar’n, lydarslått av Sjugurd Garmo

Sjugurd laga ca. 60 slåttar i gamal stil, og det merkelege er at alle er like gode. Han er også meister for hallingen “Liabekken”.

Gamal brurmarsj, etter Erling Kjøk,

som lærde leiken av Ola T. Moløkken, Garmo, 1871–1957. Denne brurmarsjen er ein av dei eldste vi har. Fleire av “gamel-spelmennene” fortalde med vørndnad om Fel-Jakup og ikkje minst om fyrste lærermeisteren hans “Gamel Sjugurd”, Syver Larsen Hjeltartrædet, Skjåk, 1810–1889, når denne leiken vart låte. Denne leiken er nedteikna i “F. i G.” av dr. O. M. Sandvik etter Olaf L. Holø, Skjåk, 1877–1964.

Brunseløen, vals etter Pål Skogum og Erling Kjøk

Denne valsen hadde bæe lært av Per Brenden, 1886–1963, Lalm, og dei lét han heilt likt. Brunseløen skulle vera ein spelmann frå Romsdalen som Fel-Jakup hadde lært denne valsen av. Dette er

truleg same personen som Ole Brunsell, 1800–1891. Han var fødd i Stockholm, men verka som urmakar og muskar i Molde.

Gamel Eirik-hallingen etter Pål Skogum

Pål Skogum, gladguten frå Lalm, har vore inspirasjonskjelde til ei rekkje spelmenn. Pål var mellom anna ei av drivkreftene bak Gudbrandsdølenes Spelmannslag i Oslo. Det var Spellmeinn-Skärin, Ola Skär 1760–1848, Lalm, som hadde med seg denne hallingen da han kom att etter militærtjenesta på Kongsvinger festning. Dette var godleiken åt “Halteguten”, Ola Porkala frå Finnskogen ca. 1780–1840.

Brurmarsj av Kristian Gården

Denne brurmarsjen laga Kristian til brordotter si, Aud Garden, da ho gifta seg med Ivar Prestegard i 1969.

Goroleikjîn, etter Erling Kjøk

Alle spelmennene i Ottadalen har slåttar som knyter seg til Pillar-Guri og slaget i Kringom i 1612. Desse tre vi spelar her, fortalde Erling Kjøk at han hadde lært av O. T. Moløkken. Og han nemnde dei: “– og så spelt’o Guri”, “– så svårå’n Sinklar”, og den siste: “– så svårå ’o Guri att”

Pær Spelmeinn-leik, springleik etter Erling Kjøk

Pær Spelmeinn, Per Kringelhaugen, Bøverdalen, 1830–1907, var einaste eleven Fel-Jakup hadde. Per fylgde Jakup til Romsdalsmarknaden på Vøblungsnes heile tretten gonger.

Netosætervalsen, etter Reidar Skjelkvåle

Denne valsen skal Fel-Jakup ha komponert under ein skilnadsball på Netosætra, ein sæterstul i Bøverdalen. Denne leiken er også nedteikna i “F. i G.” av O. M. Sandvik, etter O.T. Moløkken som kalla valsen for “Gamel Eklin”.

Vriompeisen, vals etter Kristian Gården

Kristian lærde denne valsen av Jon Hølmo, Otta, 1914–1988.

Gamel-Sjugurd, springleik etter Erling Kjøk

Syver Larsen Hjeltartrædet hadde fleire oppnamn, “Støste-Sjugurd”, sa’n Alfred Bismo, Skjåk 1918–1988. Eit anna var “Skreddar’n” etter yrket hans Sjugurd. Dei fleste spelmenn i Ottadalen spelar denne leiken.

Storhallingen hass Fel-Jakup, etter Erling Kjøk

Dette er ein av fleire leikar som ber namnet “Storhallingen hass Fel-Jakup”, og Erling hadde denne frå Ola T. Moløkken.

Hull’n hass Pær Klonesbakka, etter Erling Kjøk

Ola Nystuen spelte denne og namna leiken etter bestefar sin, Per Klonesbakken, 1816–1892.

Knut Kjøk

Eg vart fødd i Lom i 1948 og fekk mi fyrste fele i 12-års alderen. Oppvaksen i ein folkemusikkheim som eg er, var det på det næraste bestemt på førehand at eg skulle bli spelmann. Alle ikring meg behandla meg som “spelmannen” heilt frå eg var ein neve stor. Det var derfor lita sjanse for meg å sleppe unna denne lagnaden. Far min, Erling Kjøk, var aktiv i folkemusikkmiljøet og eg kom derfor tidleg med på kappleik. Fyrste kappleiken eg deltok i sjølv var på Fagernes i 1967. Sidan den gongen har kappleikane vore ein naturleg tumleplass for meg og eg har vunne A-klassa på Landskappleiken 5 gonger. Det er mange personar innan folkemusikkmiljøet som har vore store inspirasjonskjelder for meg, og ved sida av far min vil eg særleg trekkje fram Pål Skogum og Mattias Bismo. Eg har mykje å takke folkemusikken for: Store personlege opplevingar, konsertar i inn- og utland, plateinnspelningar og sist, men ikkje minst, fast arbeid. Eg er i dag tilsett som felelærar ved musikk- og kulturskulane i Sel og Vågå kommune.

Dag Gården

Eg vart fødd i Vågå i 1959 og fekk framtida mi avgjort da ein kjenning sette att eit trekkspel heime da eg var 9-10 år gamal. Far min, Kristian Gården, framleis ein aktiv folkemusikar, vart som naturleg er, min fyrste læremeister. Vi spelte alt frå “Ringnesen 1 og 2” til “Aften på Grotli.”

Det budde fleire trekkspelarar i Vågå som var viljuge til å lære bort nokre knep til ein ungdom. Mest hjelp fekk eg nok frå Hjalmar Moen og Jørgen Stasviken, men ei annan musikalsk inspirasjonskjelde som var minst like viktig for meg, var musikk lærar ved ungdomsskolen i Vågå, Per Skeidsvoll. Som 16-åring flytta eg til Oslo for å byrje på musikklinja på Foss vidaregående skole. Det fyrste eg gjorde da, var å skaffe meg eit trekkspel med melodibass, eller eit såkalla akkordeon. Den utflytta heidølen, Jon Faulstad var skulen sin instrumentallærar på dette instrumentet. I 1979 byrja eg på Norges Musikkhøgskole og sikra meg på den måten Jon som akkordeonlærar i 4 nye år. Etter avslutta utdanning hadde eg mange magre år i Oslo som freelance musikar, lærar og drosjesjåfør før eg i 1990 fekk arbeid som musikkskulerektor i Sel kommune.

For tida er eg ute i ein toårig permisjon frå denne stillinga. Takka være Monica Chappuis kan eg desse to åra konsentrere meg heilt og fullt om å arrangere og spele folkemusikk.

from people to people

In our opinion this title expresses in many ways the essence of folk music. On their way from musician to musician, from community to community, even from country to country, the tunes have lived their own vagabond lives. They have been passed on “orally” from people to people, and they have always been just for loan. In this way they have been handed down from generation to generation. Different dialects and the skill, temperament and personality of the individual musician have contributed to forming each tune. Most of the oldest tunes we play have an unknown origin. However, we always tell whom we learned the tunes from, which is in accordance with rules of good behaviour among folk musicians.

These folk musicians have been the sources of the tunes on this CD

Syver (Sjugurd) Garmo Garmo 1896–1991

Theodor Bakken Heidal 1904–1988

Ola Åsen Boverdalen 1905–1979

Erling Kjøk Garmo 1913–1999

Pål Skogum Lalm 1921–1990

Kristian Gården Vågåmo f. 1924

Reidar Skjelkvåle Skjøk f. 1940

The fiddler who has left the deepest marks on folk music in the Ottadalen Valley is Fel-Jakup (Fiddle-Jakup), whose real name was Jakup Olsen Lom 1821–1876. He was the great ideal to his contemporaries, and not least to the musicians who came after him. A great number of tunes are today linked to his name, and many of the tunes on this CD can be traced back to him.

All the tunes on this CD, except five composed fairly recently, belong to the great heritage of traditional fiddle music in the Ottadalen Valley. We have chosen to concentrate on the oldest types of tunes such as the *springleik*, the *halling*, the wedding march, the *lydarslått* (air to be listened to) and the waltz. The first four types were well established in the district in the early 17th century. The designation

lydarslått is relatively new in the Ottadalen Valley, but airs such as “Guroleikjīn” and “Hull’n hass Pær Klonesbakka” fall within this category. “Guroleikjīn” are among the oldest airs we use. The waltz came to Norway shortly after 1800, and it quickly became popular among the fiddlers in the Ottadalen Valley. Today we know a host of good waltz tunes, which are considered to be among the best traditional folk music of the district.

Knut Kjøk was born in Lom in 1948. He got his first fiddle at the age of 12. His father, Erling Kjøk, was a very active fiddler, and Knut grew up in a home filled with folk music. Apart from his own father, his main sources of inspiration have been Pål Skogum and Mattias Bismo, both local fiddlers. Knut Kjøk has performed both at home and abroad, and he now works as a music teacher at the municipal music and culture schools in Sel and Vågå.

Dag Gården was born in Vågå in 1959 and grew up in a home filled with folk music. His father, Kristian Gården, is still an active fiddler, and Dag would probably have followed in his father’s footsteps if he had not come across an accordion at the age of ten. After having learnt the rudiments of accordion playing from various local accordionists, Dag bought himself a free-bass accordion and went to Oslo to study music at the age of sixteen. He first attended Foss videregående skole (Upper secondary school) for three years, and then he studied for four years at Norges Musikkhøgskole (the Norwegian State Academy of Music) with the accordion as his main instrument. Jon Faukstad was his accordion teacher both at Foss and at Norges Musikkhøgskole. Since 1990 Dag has been the principal of the municipal school of music and culture in Sel.

Produksjonen "frå folk te' folk" er tileigna vår sveitsiske mesén **Monica Chappuis** som i mange år har vist stor interesse for oss og arbeidet vårt. Vi er svært takksame for den gáva, støtta og tilliten som Monica har vist oss.

Alle slåttane på CD-en er arrangert av Dag Gården, med unntak av nr. 3 "Hestleitar'n" som er arrangert av Reidar Svare og Dag Gården. Dei fleste melodiane på plata er nedteikna slik som Knut Kjøk spelar dei. Takk til Johannes og Kristen Odde som spelte saman med oss på "Gamal brurmarsj."

Vi har gjeve ut eit hefte der alle slåttane og arrangementa er nedteikna. Heftet kan du få tak i ved å ta kontakt med Dag Gården, Ottbragdt. 6, 2670 OTTA dag.gaarden@c2i.net

Notene er også publisert av **2L electronic scores** på www.2L.no

Knut Kjøk og Dag Gården, juni 2002



"from people to people" is dedicated to our Swiss patron **Monica Chappuis** who for many years has shown great interest in our work. We are very grateful for the support and confidence Monica has shown us.

All the tunes on this CD have been arranged by Dag Gården, except number 3 which Reidar Svare and Dag Gården have arranged. Most of the tunes on this CD have been taken down in the way Knut Kjøk plays them.

We have published a music book containing all the tunes on this CD arranged for the accordion and the violin. This book can be purchased by contacting Dag Gården: dag.gaarden@c2i.net. The music is also published by **2L electronic score** at www.2L.no

Knut Kjøk og Dag Gården, June 2002

innspelt i Lommedalen kirke mai 2001 av **Lindberg Lyd AS**

produsent **Jørn Simenstad**
tekniker **Hans Peter L'Orange / Dagfinn B. Kristensen**

redigering og CD-mastering **Lindberg Lyd AS** Jørn Simenstad

grafisk design **Lindberg Lyd AS** Morten Lindberg

tekst **Dag Gården** og **Knut Kjøk**
omsetjing til engelsk Ivar **Sørli**
Rugby (1917) av **André Lhote** © Photo Scala, Florence
portrett **Morten Krogvold**
reproteknikk **Grønli Gruppen AS**

NOMPP0208001 [ISRC]
20©02 Lindberg Lyd AS

www.2L.no



2L 10 distribueres av Musikkoperatørene AS, Oslo
www.musikkoperatorene.no

